

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
088/14	Levekårsutvalet	PS	28.10.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	14/1383

Kulturmidlar - resttildeling haust 2014

Vedlegg:

Forslag til tildeling
Retningslinjer for kulturmidlar vedteke 2014
Retningslinjer kulturmidler

Rådmannen sitt forslag til vedtak;

Levekår vedtar rådmannen sitt forslag til fordeling av kulturmidlar for hausten 2014.

Levekårsutvalet - 088/14

LE - behandling:

Else Iren Westervik orienterte i saka.

Fellesframlegg:

Endring til rådmannen sitt framlegg:

Rest kr. 33.500.- vert fordelt på dei 11 eksisterande prosjekt.

Desse prosjekta er:

1. *Nordhordland ballklubb*
2. *Hundvingrend indremisjon*
3. *Te Deum*
4. *Knarvik Gospel*
5. *Alversund Mållag*
6. *Lindås songlag*
7. *StepOut*
8. *sjakkspelar Sigve B. Hølleland*
9. *Musikkens venner*

10. *Alversund musikklag*

11. *Alversund skulemusikkorps*

Desse tiltaka får ikkje:

Seim skyttarlag

Lindås speidargruppe

Alversund sokneråd

Nordhordland Mc Natteravn

Lindås skulekorps

Vestlandskappleiken

Vidar Lehmann

(etter lista frå kulturadministrasjonen).

Rådmannen sitt framlegg med endring vart samrøystes vedteke.

LE - vedtak:

Rådmannen sitt framlegg med endring er vedteke.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjera i Levekårsutvalet.

Bakgrunn

Kategori	Ramme kulturmidlar 2014	Tildelt hovudtildeling juni 2014	Resttildeling hausten 2014
Idrett	715.200	723. 134	
Kunstmormidling og musikk	512.700	509. 125	
Barn & Ungdom	297.500	294.125	
Andre kulturtilbod	189.800	179.300	
Kulturvern & samlingar	282.400	232.000	
Avsette midlar til	40.000		

tildeling	hausten		
2014			
Totalt	2.037.600	1.937.684	99.916

Levekårsutvalet har kr 99.916 att til fordeling etter hovudtildelinga i juni.

Ifølgje retningsliner for kulturmidlar, er søknadsfristen for å søkje kulturmidlar for aktivitet/prosjekttorskot, 15. mars og 01. september.

Då fristen utløp, var det kome inn 17 søknadar på tilsaman kr 439.500.

Aktivitet/Prosjekt:

Nordhordland ballklubb søker om midlar til årleg arrangement for 13 åringar, « Bli kjent kveld» i Nordhordlandshallen. Ungdomane kjem i frå Seim, Alversund, Knarvik og Leiknes, og skal spele på same fotballag. Hensikta med samlinga er å bli betre kjend då dei frå neste år skal spele på same lag og samlast i nye klassar på ungdomsskulen. Deltaking på arrangementet er gratis. Det blir servert mat/frukt på samlinga.

Søkjaren har ei budsjetttramme på kr 20 000, og dei søker denne sum i sin heilhet. Det er ført opp kr 12.000 i matutgiftar, utan at det er spesifisert kor mange som deltek (NBK har registret 241 medlemmar mellom 13-19 år). Levekårsutvalet har tidlegare vurdert om dette er ein del av NBK si drift.

Tiltaket skal arrangerast 31.10.-01.11. 2014.

Hundvingrend indremisjon driv laurdagstimen, som er ein aktivitet for born mellom 0-18 år. Dei vil arrangere ein julekonsert, og har invitert Jarle Waldemar. Jarle Waldemar er barneevangelist og arbeider for at barn skal få høyre om Jesus på ein kreativ måte. Jarle Waldemar skal forberede konsert og dramatisering saman med barna. Det vil bli ein konsert der barna skal delta.

Søkjaren har ei budsjetttramme på kr 8.000 og søker same sum. Jarle Waldemar er budsjettert med honorar kr 6.000.

Konserten er planlagt 15. desember 2014. Aktiviteten er tilrettelagt for funksjonshemma.

Seim skyttarlag ønsker å kjøpe 2 ekstra elektroniske skyteskiver, pga. aukande rekruttering. Kvar tysdagskveld er det trening for aldersgruppa 10 år og oppover. Det har vore meir enn 30 deltakare tysdagskveldar, og dette har ein ikkje kapasitet til med dagens skive. Seim skyttarlag er ønsker difor å kjøpe 2 nye skive slik at alle kan delta på trening.

Budsjett: kr 60.000. Dei søker om kr 60. 000 til 2 nye skyteskive. Montering vert gjort på dugnad.

Innkjøp er planlagt gjennomført hausten 2014.

Lindås speidargruppe er nyoppstarta etter fleire års opphold i drifta. Dei søker om midlar til nytt utstyr som lavvo, tauverk og vedlikehald av 4 kanoar.

Gruppa har vore nedlagt i fleire år. No prøvar dei å starte opp att speidergruppa. Det er uklart kor mange medlemmar dei klarar å rekruttera.

Budsjett: kr 15.000. Dei søker om kr 15.000.

Tiltaket er planlagt starta opp att hausten 2014.

Te Deum er eit vaksenkor på 25 medlemmar i Ostereidet kyrkje. Dei vil i år arrangere julekonsert i lag med Solvig Leithaug. Det er budsjettet med kr 15 000 i honorar og kr 10 000 til lyd/lysutstyr.

Budsjettet deira er på 30 000 kr, og dei søker om 7000 kr.

Tiltaket er planlagt gjennomført i desember 2014.

Knarvik Gospel har 30 betalande medlemmar. Dei vil i mars arrangere ein gospelnight i samarbeid med «Come Sunday» og «Felix», som er 2 andre lokale kor. Dette har ei kostnadsramme på kr 12.000, ink. lyd og lys. Dei søker 12 000 kr.

Konserten er planlagt i mars 2015. I retningslina for tildeling av kulturmiddlar, heiter det; "tiltaka/prosjekta må primært vera avslutta innan utgangen av søknadsåret."

Alversund Mållag vil arrangere eit kulturarrangement der Grunnlovsjubileet har hovudfokus. Tema er "Bymann og stril – 1814-2024, språk, deltaking og demokrati". Dei har invitert professor Frank Aarebrot som førelesar og Linda Fosse til å ha kulturinnslag. Mållaget ønskjer å ha gratis adgang då dette er eit typisk folkeopplysningsarrangement.

Tiltaket har eit budsjett på kr 15.500 og søker om kr 15.500.

Tiltaket er planlagt i november 2014.

Lindås songlag er eit blandakor på 21 medlemmar, og held til på Lindås. Dei vil feira 75 års jubileum 17. og 18. oktober i Haugatun, der dei vil samarbeide med Rockeverkstaden på Lindås. Budsjettet for dette er kr 39.000, og det vert søkt om kr 39.000. Det er ført opp billettinntekter på kr 30.000 og utgifter kr 39.000.

Alversund sokneråd har engasjert seg i eit bokprosjekt om Knarvik – bygda og kyrkja. Boka tar for seg Knarvik på 1950 og 60 –talet. Lindås kommuneetableringa 1964, og kyrkja som vart innteikna heilt frå starten. Boka inneheld mange bileter og flyfoto frå bygda. Overskotet for boka vil gå til barne og ungdomsarbeid i kyrkja.

Budsjettet er på 155 000 kr. Dei søker om 30 000 kr.

Tiltaket skal vere slutført i desember 2014.

Nordhordland Mc Natteravn er vaksne, motorsyklistar, som driv førebyggjande natteravneneste på motorsykkel i Nordhordland. Søknaden fremstår som ein søknad om driftstilskot.

Budsjett: 10 000 kr, og søker om 10 000 kr.

Søknadsfrist for driftstilskot er 15. mars.

Ungdomslaget Idun driv aktivitetar for barn i Osterfjorden distrikt. Dei held på med oppussing av huset, og søker om meire midlar, då dei har fått lekasje. Taket treng å skiftast, ny utvendig kledning må skiftast, maling av huset både utvendig og innvendig må utførast, kjøkken må skiftast og ovnar bytast ut etter lynnedsdag. Arbeidet er blitt starta, men pengane strekk ikkje til. Budsjettet deira er på 125 000 kr og dei søker om 125 000 kr.

Ungdomslaget søker investeringsmidlar. Søknadsfrist er 15. mars

StepOut byrja som ei ungdomsgruppe for 8. klassingar men er i dag ei gruppe for konfirmantar, med fokus på utfordring, diakoni og tenester. Me samarbeida med Kirkens Nødhjelp og reiste på studietur til Tanzania 20. februar – 4. mars 2014.

Budsjettet deira var på 267 000 kr, og dei søker om dei søker om 20 000 kr.

Tiltaket har tidlegare fått løyvd kr 5.000 i tilskot frå Ungdomsrådet.

Sjakkspelar Sigve B. Hølleland er snart 18 år, og er med i Norges eliten i sjakk. Han har 1. plass i NM for open klasse og 2. plass i junior NM, og vart nr 4 i sin årsklasse. Han vart tatt ut på Norges VM lag i Durban i Sør-Afrika 18. – 30. september i år. Dei søker om støtte til denne deltakinga (reise/opphold), då han ikkje har sponsorar pr. i dag.

Budsjettet er på kr 15.000 og dei søker om kr 15.000.

Lindås skulekorps har nett hatt 50 års jubileum, og har i den anledning gjennomgått arkivmateriale og historia til korpset. Dei søker midlar til trykking av hefte, då dei ønsker å ta vare på historia. Midlane skal nyttast til ferdigstilling av hefte med historia, bilet og intervju frå Lindås skulekorps si 50 årige historie, samt trykking av dette.

Budsjettet deira er på kr 10.000 , og søker om kr 10.000.

Tiltaket er planlagt gjennomført hausten 2014.

Vestlandskappleiken: Hardanger spelemannslag står som tilskipar for Vestlandskappleiken 2014 i Granvin. Dei søker om tilskot til reise, overnatting, dommarar og kosthonorar på til saman 3000 kr.

Vidar Lehmann søker om tilskot til utgjevinga av boka HEIM, som er ei bok om Ostereidet og grannelaget,- som er ei bygd i Nordhordland. Boka skal også innhalde om lag 500 lokale stadnamn med forenkla kart og vonarleg eit opptrykk av bokhefte "Saa Maata" skrive av ein

dansk offiserfrue, og som omhandlar kvardagskulturen i Nordre Osterfjord tidleg på 1700-talet.

Budsjettet er på kr 200 000, og han søker om kr 25 000.

Det går ikkje fram av søknad når boka er planlagd utgjeve.

Musikkens Venner søker om tilskot til kulturveke i samband med opning av Knarvik Kyrkje 30.11 – 07.12. Dei har eit rikhaldig kulturprogram med m.a. Toralv Maurstad (skodespelar), konsert med pianist Rune Alvær og solist Kjersti Wiik, kulturskulekveld, diverse kor/solister og korps, konsert med duoen Garnes saman med Kristin Minde, Bjarte Leithaug m/barnekor, Juleoratoriet mm.

Budsjettet er på 250.000 og dei søker om 50 000.

Vurdering

I rådmannens forslag til vedtak er det fordelt kr 84.500 av totalt disponibelt 99.916. Fleire søknadar er innstilt på kr 0. Nordhordland MC natteravner søker driftsmidlar. Søknadsfrist er 15. mars. Ungdomslaget UL Idun søker investeringstilskot. Frist er 15. mars. Knarvik gospel søker midlar for tiltak som skal avviklas i mars 2015. Retningslina seier at tiltaket primært skal gå føre i inneverande år. I rådmannen sitt forslag er det løyvd kr 3.000 til tiltaket.

Søkjarane elles viser eit stort mangfold og kan vere utfordrande å samanlikne.